

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Høyring - ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift

Dette høyringssvaret er frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Generelt

Departementet har i den nye kontrollutvals- og revisjonsforskrifta prøvd å unngå dobbeltføring i forhold til kommunelova. Departementet skriv at dette er bakgrunnen for at sekretariatet ikkje er nemnt i forskrifta, då det er omtalt i lova. Vår vurdering er at dette er greitt, men krav til uavhengigheit i sekretariatet burde vore teke med, då det ikkje er med i lova. I tillegg bør ei konkretisering av sekretariatet sine oppgåver kome med.

Kapittel 1 – Kontrollutvalet sine oppgåver mv.

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen bør etter vårt syn kome med i forskrifta, slik den er i dagens kontrollutvalgsforskrift § 7.

Oppgåvene til sekretariatet, som ikkje er nemnt i lovteksten, bør med i forskrifta. Dette vert ikkje dobbeltføring, men ei konkretisering av sekretariatet sine oppgåver. Det er også viktig å få fram rollefordeling og ansvar i grensesnittet mellom revisjon og sekretariat i den nye forskrifta.

Dette bør kome fram i forskrifta:

- Det er sekretariatet som skal saksbehandle, legge fram saker og som kan kome med tilrådingar til vedtak til kontrollutvalet
- Innhente informasjon og vurdere denne opp mot reglar, lover og vedtak for at sakene til kontrollutvalet skal bli forsvarleg utgreidd
- Sekretariatet sine oppgåver ved kontrollutvalet sitt påsjå-ansvar, ref. § 3 i den nye forskrifta
- Ein klar definisjon av revisjonsoppgåver
- Sekretariatet sine oppgåver ved bestillar/utførar modellen

Kapittel 2 – Krav ved eigen revisjon, val og bytte av revisor og uttalerett ved forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

- § 7 – Ansvarleg revisor bør ikkje erstattast med revisjonens leder.
- § 8 – Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg regnskapsrevisor vert vidareført, og det er bra. Departementet foreslår å ikkje vidareføre krav til utdanning for oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor. Dette burde vere vidareført, slik at ein sikrar høg kvalitet på arbeidet med forvaltningsrevisjon, og dei rapportane som skal utarbeidast i

samband med revisjonen. Denne kvaliteten sikrar ein best ved å ha krav om høgt utdanna oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorar.

Kapittel 3 – Krav til revisor og revisor sine medarbeidarar

Departementet ber særskilt om en vurdering knytt til dokumentasjon av uavhengigheit, der dei i sin diskusjon viser til at dokumentasjonen kan få karakter av å bli ei mindre relevant plikt, som i praksis betyr lite. Etter vår vurdering er det tvert i mot veldig viktig at revisor utarbeider ei slik eigenvurdering, då ansvaret for ei korrekt vurdering må ligge på oppdragsansvarleg revisor sjølv, slik at ein unngår ansvarsfråskriving. Dersom dette blir tatt bort, vil det bli veldig vanskeleg å gjennomføre påsjå-ansvaret som ligg til kontrollutvalet når det gjeld den nye forskrifta § 3 c.

I kapittel 7 merknader står det at eigenvurderinga om uavhengigheit skal gjelde alle medarbeidarar i revisjonen som er involvert i revisjonsoppdraget. Dette bør kome med i §17 i forskrifta, og ikkje berre i merknaden.

Med helsing

Jenny Følling
fylkesordfører

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift